

Til helse- og omsorgsdepartementet

Svar på høringsnotat om endring i turnusforskrifta for fysioterapeutar

Interkommunalt fagråd for fysioterapeutar i Nordhordland har eit mandat frå rådmannsnivå om å vere et fysioterapifagleg organ for kommunane i Nordhordland, og består av representantar frå kommunefysioterapitenesta i Radøy, Austrheim, Meland, Fedje, Masfjorden, Lindås, Modalen og Osterøy. Rådet har diskutert høringsnotatet og har nokre kommentarar.

Me meiner talet på studieplassar bør regulerast slik at det vert eit samsvar mellom talet på fysioterapistudentar, talet på turnusplassar og behov for ferdigutdanna fysioterapeutar. Då vil ei venteliste for å starte turnustenesta ikkje vere nødvendig.

Slik me ser det vil det truleg vere vanskeleg å få seg jobb som fysioterapeutkandidat. Når aktuelle arbeidsgjevarar ikkje kan prioritere å ha turnuskandidat, vil dei neppe opprette stilling til ein fysioterapeutkandidat som treng like mykje oppfølging som ein turnuskandidat. Vil stillinga som fysioterapeutkandidat gi rett til fastlønstilskot eller andre formar for tilskot?

Dersom kandidatane på venteliste ikkje vert tilsette som fysioterapeutkandidatar eller får anna relevant arbeid, vil ventelista føre til eit 12 månaders opphald frå fysioterapifaget. Fagrådet er bekymra for kvaliteten på fagutøvinga etter eit slikt opphald. Det er også vanskeleg å få jobb etter turnustenesta, noko som kan føre til at aktuelle kandidatar får to periodar med opphald frå faget etter uteksaminering frå høgskulane før dei vert tilsette som autoriserte fysioterapeutar. På grunn av dei faglege konsekvensane dette vil ha, vil dei truleg vere lite attraktive på arbeidsmarknaden.

Kva skjer med dei som har stått på venteliste ved neste års trekning av turnusnummer? Får dei tildelt dei lågaste nummera, eller deltek dei i trekninga av nummer på lik linje med andre, og risikerer å trekke dei høgaste nummera? Kva skjer dersom dei får eit høgt nummer som ville tilsvart venteliste også dette året? Dette bør presiserast i forskrifta dersom endringane vert vedteke, slik at praksisen her vert lik ved dei ulike utdanningane. At dette ikkje er tatt med i høringsnotatet gjer inntrykk av at notatet er utarbeidd med hastverk, noko som er uheldig med tanke på at endringa i stor grad kan prege framtida til fysioterapistudentane.

I høringsnotatet er det foreslått at endringane skal tre i kraft i løpet av mars 2012, slik at dei gjeld studentane som skal starte turnus hausten 2012. Desse studentane valte eit studie der det var sikkert å få turnusplass, og å informere om endringar i dette berre nokre månader før planlagt start av turnusteneste er uholdbart.

Helsing

Interkommunalt fagråd for fysioterapeutar i Nordhordland
v/ Kristin H. Kolstad